

---

**Til:** Samferdselsutvalet

---

**Frå:** Fylkesrådmannen**Referanse**  
2014/8-1**Dato**  
02.01.2014

## Tildeling av tilskot til utarbeiding av kommunale trafikksikringsplanar for 2013

Det er eit ynskje hjå fylkeskommunen at alle kommunane i Hordaland til ei kvar tid har oppdaterte trafikksikringsplanar der det går fram kva for utfordringar kommunen har på trafikksikringsområdet gjennom ulukkesstatistikk og kartleggingsarbeid, saman med konkrete forslag til korleis arbeidet skal følgjast opp både gjennom fysiske og trafikantretta tiltak. I samband med fylkestinget si handsaming av "Handlingsplan for trafikksikring i Hordaland 2010-2013" den 13.10.10 vart det gjort følgjande vedtak:

1. Fylkestinget vedtek "Handlingsplan for trafikksikring i Hordaland 2010-2013".
2. Fylkestinget peikar på at kommunale trafikksikringsplanar er særskild viktige for det samla trafikksikringsarbeidet i fylket. Fylkestinget legg derfor opp til ei ordning der kommunane kan søkje om tilskot gjennom fylkestrafikksikringsrådet (FTR), til gjennomføring av kommunale trafikksikringsplanar innanfor ei ramme på inntil 500 000 kroner per år. Ordninga vert å finansiere innanfor dei økonomiske rammene for trafikantretta tiltak som er skissert i handlingsplanen.

Det var motteke sju søknader til utarbeiding av kommunale trafikksikringsplanar innan fristen som var sett til 01.12.13, og alle søknadane vart vurdert samla. Kommunane kunne søkja om tilskot til mellom anna nødvendig innleige av hjelp til utarbeiding av plan, trykking osv., men ikkje til bruk av kommunale ressursar. Det vart søkt om midlar på til saman 1.167.410,- kroner. Søknadane vart vurdert på grunnlag av status på planarbeidet, type arbeid det vart søkt til, om kommunen har utarbeidd trafikksikringsplan tidlegare og årstal for denne, samt storleiken på kommunen når det gjaldt innbyggjartal, vegnett og dels ulukkestatistikk.

	<b>Kommune</b>	<b>Vurdering</b>	<b>Tildeling</b>
1	Austevoll	Tildelt	<b>75 000</b>
2	Sveio	Tildelt	<b>150 000</b>
3	Samnanger	Tildelt	<b>50 000</b>
4	Askøy	Tildelt	<b>175 000</b>
5	Radøy	Tildelt	<b>50 000</b>
6	Sund	Oppmoda om å søkje på ny i 2014	-
7	Fusa	Oppmoda om å søkje på ny i 2014	-

Som oversikten viser fekk fem av kommunane tildelt midlar for 2013. Austevoll og Sveio var særleg prioritert ettersom dei i 2012 vart oppmoda om å søkje på ny i 2013. To av kommunane fekk full utteljing i høve til

søknadssum, - dette var Samnanger og Radøy. For dei tre andre kommunane som fekk tildelt tilskot vart det ein reduksjon i høve til søknadssummen. Sund og Fusa vart oppmoda om å søkje på ny i 2014 då planarbeidet har komme lenger.

Det vert teke sikte på at søknadsfristen og utbetaling av tilskot til kommunale trafikksikringsplanar i 2014 vert gjennomført tidlegare på året enn det som har vore gjort tidlegare år.